



Oddvar Eikeland  
Eikelandsvegen 191  
5917 ROSSLAND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/926 - 15/10158

Saksbehandlar:  
Marius Flemmen Knudsen  
marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:  
22.05.2015

## Godkjenning av søknad om bygging av landbruksveg på Nordgarden Gbnr. 42/1 - Eikeland.

**Administrativt vedtak. Saknr: 172/2015**

### Saksutgreiing:

Oddvar Eikeland søker i brev dagsett 22.03.15 om bygging av ein landbruksveg på Nordgarden, Gbnr. 42/1 på Eikeland. Oddvar Eikeland søker om ein landbruksveg på 130 meter i vegklasse 4, 80 meter vil vere nyanlegg medan 50 meter er oppgradering av ein eksisterande traktorveg. Deler av dei 80 meterane med nyanlegg er tidligare blitt godkjent DNT- 403/09 men har ikkje blitt bygd grunna jordskifte og fristen har gått ut. Søklar har no levert ein ny søknad om bygging av landbruksveg. Vegen er tenkt nytta 50 % til jordbruk, 20 % til skogbruk og 30 % til bustad. Vegen har eit dekningsområde på ca. 23 daa og byggjekostnaden er kalkulert til 110.000 kr.

Eigedommen har eit produktivt skogareal på 33 daa og eit jordbruksareal på 46,7 daa. Jordbruksarealet er fordelt på 24,7 daa innmarksbeite, 12,8 daa fulldyrka og 9,2 daa overflatedyrka. Driftsforma er sauehald og søker har 56 vinterfôra sauer på bruket. Sauene er villsau og går stort sett ute heile året, om sommaren er det ca. 100 sauer som beitar på bruket. Søklar har søkt og fått løyvd midlar gjennom ordninga med spesielle miljøtiltak i landbruket til beiterydding og til gjerding. Dette har medført at både dyretall og areal har auka dei siste årene. Sidan søker overtok garden i 2005 har han aktivt jobba for å setja i stand areal og bygningar på garden.

### Vurdering:

Ein landbruksveg er vegar for landbruksformål, eller kor landbruksformål utgjer hovudformålet med vegen jf. § 1-3 i forskrift om planlegging og godkjenning av veier til landbruksformål. For den omsøkte vegen er det landbruksformål som utgjer største delen av planlagt bruk. Deler av den omsøkte strekninga vart i DNT- 403/09 godkjent ombygd og delar av det som er planlagt nyanlegg vart godkjent, vegen vart da ikkje bygd og løyvet har gått ut. Den noverande søknaden er noko annleis enn den tidligare godkjente søknaden. Noverande søknad vil leggje vegen rundt tunet i tillegg til å fungere som en tilkomstveg til jordbruksareal.

Den omsøkte vegen vil betre tilkomsten til hovudarealet på garden for grasproduksjon. Ein betre tilkomstveg til jordbruksareala vil gjere søkjar mindre avhengig av vêr for å komme til med grashaustingsutstyr. I tillegg vil ein betre tilkomst på eigen jord gjere bruket mindre avhengig av leigejord for å sikre nok fôr til vinteren. Søkjar har i dag 7 leigejords avtaler og han viser til at desse ikkje varer evig, og at med ein betre tilgang på eige grasareal kan bruket produsere meir av vinterforet og dette vil styrke drifta. Ein god tilgang til areala er også viktig for å hindre jordpakking, jordpakking er ofte ein konsekvens av at landbruket nyttar stadig tyngre utstyr. Ved gode tilkomstforhold blir ein mindre avhengig av vêr for å kunne hauste eller komme seg til og frå jordbruksareal. Dette reduserer kjøring på marka og særlig i periodar der det ofte er høgt innhald av vatn i jorda kor det lett blir kjøreskader.

Ein ny veg rundt bruket vil også betre transport til og frå bruket med lastebil. Det er i periodar i dag ein utfordring å komme opp med lastebil til bruket, ein god tilkomstveg til bruket er svært viktig for drifta. Eit døme er dyretransporten som går føre seg med lastebil, og ein god veg vil gjere at ein slepp å laste om eller at lastebiler risikerer å kjører seg fast. Den omsøkte vegen vil ha stor verknad for skogbruket på garden. Garden har ikkje store skogsareal, men det er i dag ikkje mogeleg å komme opp med tømmerbil med henger på garden. Det tømmer som har blitt hogd og utkjørt har blitt «kjipp-kjørt» ut til veg som tek både tømmerbil og henger. Ein slik «kjipp-kjøring» kostar skogeigar ca. 25 kr/m<sup>3</sup> og utgjer ein betydeleg kostnad. Dette kostnaden blir ein større økonomisk påkjenning når det er mindre volum som blir hogd og kjørt ut. Søkjar har tidligare tatt imot lass med overskotsmassar med jord/stein frå utbyggingar, desse massane har søkjar nytta til å fylle på og betre det eksisterande jordbruksarealet på garden. I denne regionen kor det er mykje myrjord og ofte eit naturleg høgt jordsvinn, er det viktig at ein held jordbruksarealet vedlike for å kunne oppretthalde ein god jordbruksproduksjon. For at søkjar skal kunne fortsette å ta imot lass med overskotsmassar vil ein god tilkomstveg vere naudsynt.

Ved søknad om landbruksveg skal søknaden vurderast etter prinsippa i Naturmangfaldslova (NML) §§ 8-12, jf. § 7 i Naturmangfaldslova. Etter ein gjennomgang av artskart og naturbase er det ikkje funnet noko registrert i planlagt vegtrase eller i nærleiken til planlagt vegtrase (jf. NML § 8). Administrasjonen har vurdert det slik at det ligg føre tilstrekkeleg med kunnskap om verknadene av tiltaket (jf. § 9). Den planlagde vegen vil auke den samla utbygginga i området, men administrasjonen vurderer det slik at den ikkje vil medføre vesentlig auke i bruk da vegen skal betre/lette tilgangen til jordbruksareal og til sjølve bruket. Administrasjonen har vurdert det slik at vegen ikkje vil auke den samla belastninga da det i stor grad vil vere vidareføring av allereie eksisterande bruk/trafikk (jf. § 10). Administrasjonen har vurdert at den planlagde vegtraseen er

miljøforsvarlig god, men understreker at tiltakshavar skal bære kostnadene ved miljøforringelse (jf. §§ 11 og 12).

Vegsøknaden har vore sendt til kulturminneforvaltninga i Hordaland Fylkeskommune for uttale jf. §3-3 i landbruksvegforskrifta. Det ligg ein jordkjellar nær den omsøkte vegen, og dei ber at det vert teken omsyn til denne verneverdige jordkjellaren. Dei har ingen vidare merknader til saka i høve til regionale eller nasjonale kulturminneinteresser.

Søkjjar har sendt nabovarsel i samsvar til landbruksvegforskrifta § 2-2, og det har etter nabovarslinga kome inn merknad. Eigarane av naboeigedommen Gbnr. 42/2 har følgjande merknad til søknaden:

1. «60 meter er tenkte anlagt altfor nær vår grense. Vi viser til punkt 3 i rettsforlik av 12.03.15 i Nord- og Midhordland jordskifterett hvor vi aksepterer at avkjørsel for vegtiltak kan komme helt inntil vår vestgrense. Dette av hensyn til svingradius. På kart mottatt i nabovarsel er veien tegnet inn så å si helt i grensen i hele sin lengde [...].
2. De 70 meterne du ønsker å fornye søknaden for, som du i nabovarselet omtaler som godkjent, ble ikke godkjent. Vi viser til brev fra Fylkesmannen i Hordaland 02.09.09 hvor fylkesmannen opphever Meland kommunes vedtak av 26.11.08 om tillatelse til bygging av landbruksvei grunnet alvorlige saksbehandlingsfeil».

Søkjjar har kommentert på dei innkomne merknadane:

1. « Grenseavstanden vil være i samsvar med retningslinjer for landbruksvei. Og slik det passer for veg 6. Jordskifteretten utalte seg ikkje 12.03.15.
2. Prosessen følger retningslinjer for landbruksvei».

Administrasjonen har vurdert dei innkomne merknadane og viser til at det i landbruksvegforskrifta ikkje er krav til avstand mellom veg og nabogrenser. Administrasjonen meiner at den omsøkte vegtraseen er ein hensiktsmessig løysning. Vegen skal gå over eit jorde og det vil det vere urasjonelt for jordbruksdrifta å legge vegen lenger vestover. Vegen er planlagt i sin heilskap til å liggje på søkjar sin grunn. Administrasjonen har vurdert det slik at eigarane av naboeigedommen har samtykt i at søkjar kan legge avkøyring inntil deira grense jf. Rettsforliket punkt 3. Utover dette finn administrasjonen at verken rettsforliket, eller privatrettslige høve elles, legg avgjerande føringar for handsaminga av saka etter landbruksvegforskrifta. Administrasjonen viser til at Fylkesmannen i Hordaland oppheva Meland kommunes vedtak og ba kommunen behandle saka på nytt. I DNT-403/09 av 30.12.09 godkjente kommunen ein landbruksveg på 90 meter. Dette løyvet har gått ut og det er difor ikkje snakk om å fornye eit tidligare løyve.

Administrasjonen vil etter ei samla vurdering gå inn for å gi løyve til den omsøkte vegen. Det er administrasjonen si meining at vegen vil vere viktig for god og rasjonell landbruksdrift på bruket.

## Vedtak

«Meland kommune gjev løyve til bygging av landbruksvegen Nordgarden som omsøkt. Veggen skal byggast i vegklasse 4, det vil vere ombygging av 50 meter veg og 80 meter med nyanlegg.

Byggeløyvet vert gjeve på fylgjande vilkår:

1. Veggen skal byggast i samsvar med Normaler for landbruksveier sine tekniske retningslinjer for vegklasse 4.
2. Det skal takast omsyn til nærliggande verneverdig jordkjellar.
3. Under arbeidet må ein vera merksam på funn/konstruksjonar som kan knytte seg til kulturminne/fornminne og rapportera dette til kommunen eller Hordaland fylkeskommune, kulturavdelinga, jf. Lov om kulturminner § 8, 2 ledd.
4. Tidsfrist for bygging ver sett til 01.06.2018.
5. Når veganlegget er ferdig skal kommunen ha skriftleg melding om dette og kommunen skal godkjenne arbeidet.

Bakgrunn for vedtaket går fram av saksutgreiing og vurdering. Vedtaket har heimel i §§ 3-3 og 3-4 forskrift om planlegging og godkjenning av veier for landbruksformål».

## Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

## Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen  
skog- og miljøkonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

## Vedlegg:

kart

**Kopi til:**

Fylkesmannen i Hordaland  
Tommiie Terkelsen og Katrine S.  
Terkelsen

P.b 7310

5020

BERGEN

**Mottakere:**

Oddvar Eikeland

Eikelandsvegen  
191

5917

ROSSLAND